

FORSKRIFT OM INNSAMLING AV HUSHALDSAVFALL FOR BIR

VOSS HARDANGER AS.

Kommunal forskrift for Voss herad, Eidfjord kommune og Ulvik herad.

Fastsett med heimel i lov av 13.mars 1981 nr 69 om vern mot forureining og om avfall (Forureiningslova) §§ 27, 30, 31, 32, 33, 34, 35, 37, 79, 83 og 85:

Forskrifta vert gjort gjeldande frå 01.01.2024

Kommunal forskrift «Innsamling mv. av hushaldningsavfall» vedteken i 2004, gjeld ikkje etter denne dato.

Innhald:

- § 1 Føremål
- § 2 Virkeområde
- § 3 Definisjonar
- § 4 Kommunal innsamling av avfall
- § 5 Avfall som ikkje er omfatta av kommunal innsamling
- § 6 Krav til sortering m.m. av avfallet
- § 7 Oppsamlingseiningar
 - § 7.1 Anskaffing og drift av oppsamlingseiningar
 - § 7.2 Bruk av oppsamlingseininga
 - § 7.3 Plassering av oppsamlingseininga
 - § 7.4 Bruk av oppsamlingseiningar for hytter og fritidsbustader
- § 8 Krav til køyreveg
- § 9 Innsamling av hushaldsavfall
- § 10 IHM sine plikter
- § 11 Abonnenten sine plikter
- § 12 Avfallsgebyr
 - § 12.1 Kven skal betale gebyr
 - § 12.2 Utrekning og fastsetjing av gebyret
 - § 12.3 Innkrevjing, renter m.m.
- § 13 Delegasjon
- § 14 Klage
- § 15 Sanksjonar og straff

§ 1. Føremål

Forskrifta har som føremål å sikre miljømessig, samfunnsøkonomisk og forsvarleg avfallshandsaming.

BIR Voss Hardanger AS (BIR VH) har overteke kommunen/heradet sine rettar og plikter for saker som gjeld renovasjon og avfallshandsaming slik det er formulert i føremålet til selskapet, jf. §2 i selskapsavtalen. BIR VH overtek eigedomsretten til avfallet som vert samla inn av, eller levert til BIR VH, jf. §30 i Forureiningslova.

BIR VH kan utforme særskilde retningsliner for praktisk gjennomføring av vilkåra i denne forskrifta.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld oppsamling, innsamling, transport, behandling og gjenvinning av hushaldsavfall frå heile kommunen/heradet.

Forskrifta gjeld og mottak av farleg avfall frå hushald og næringsverksemdar i samsvar med omfanget definert i kap. 11 i Avfallsforskrifta.

Forskrifta omfattar alle matrikulerte og ikkje matrikulerte eigendomar i kommunen/heradet der det oppstår hushaldsavfall, herunder kvar einskild seksjonert del av bygning og kvar sjølvstendige brukseining i bygning. Som sjølvstendig brukseining i bygning vert rekna bustad med eige kjøkken. Likt med sjølvstendig brukseining vert rekna inntil to hyblar med felles kjøkken. Utover to hyblar som deler felles kjøkken, vert det rekna ei brukseining per to hyblar. BIR VH avgjer i tvilstilfelle kva som skal reknast som sjølvstendig brukseining i bygning som ikkje er seksjonert.

Forskrifta gjeld også for hytter og fritidsbustader, herunder stølshus brukt som fritidsbustad og permanent oppsett campingvogn (oppsett for 3 månader eller meir). Campingvogn plassert på lagerplass vert ikkje rekna som permanent oppsett den tida den står på lager, og det kan dokumenterast at den ikkje er i bruk.

Forskrifta gjeld også avfallsgebyr.

§ 3. Definisjonar

Abonnent er eigar eller festar av eigedom som vert omfatta av den kommunale renovasjonsordninga. For omfanget av festar sine plikter, vert det vist til § 34 i Forureiningslova.

Avfall er lausøyregjenstandar eller stoff som nokon har kassert, har til hensikt å kassere eller er forplikta til å kassere, jf. § 27 i Forureiningslova.

Bringesystem er kjeldesorteringssystem der ein bringar sitt sorterte avfall til eit mottak, t.d. eit oppsamlingspunkt, miljøstasjon/avfallsmottak eller til forhandlar.

Brukar er den som nyttar renovasjonsordninga, men som ikkje er same juridiske person som abonnent.

Diupopsamling er sentrale anlegg med fleire avfallstypar for fleire abonnentar, der containerar eller storsekk heilt eller delvis er grave ned.

Farleg avfall er avfall som ikkje hensiktsmessig kan handsamast saman med anna avfall fordi det kan medføre alvorleg forureining eller fare for skade på menneske eller dyr, t.d. plantevernmidlar, batteri, olje, måling, lakk m.m.

Gjenvinning er eit kvart tiltak der hovudresultatet er at avfall kjem til nytte ved å erstatte materiala som elles ville vore brukt, eller at avfallet har vorte førebudd til dette (jf. Forureiningslova § 27a.)

Hentestad er der renovatøren hentar oppsamlingseiningane og tømmer dei i renovasjonsbilen.

Hentesystem er når det kildesorterte avfallet vert samla inn så nær abonnenten som mogeleg.

Hushaldsavfall er avfall frå private hushald, herunder større gjenstandar som inventar og liknande (jf. Forureiningslova § 27a).

Kjeldesortering er å halde ulike avfallstypar skilt frå kvarandre for vidare levering via tilvist behaldarar.

Kompostering beskriv nedbrytingsprosessen som organisk avfall gjennomgår for å verte mold.

Gjenvinningsstasjon er eit eige tilrettelagt område med bemanning for mottak av sortert avfall.

Næringsavfall er avfall frå offentlege og private verksemder og institusjonar (jf. Forureiningslova § 27).

Oppsamlingseining er den eininga som abonnenten etter gjeldande retningsliner frå BIR VH samlar avfallet i mellom leveringsdagane, t.d. behaldar, sekk, container, djup oppsamling.

Renovasjonsforskriftene er dei to kommunale forskriftene; Innsamling av hushaldsavfall for BIR Voss Hardanger AS (denne forskrifta) og Betalingsregulativ for gebyr etter Forureiningslova § 34.

Restavfall er avfall som blir att etter kjeldesortering.

Våtorganisk avfall er organisk avfall som er biologisk lett nedbrytande, t.d. matavfall og planterestar.

§ 4. Kommunal innsamling av avfall

I kommunen/heradet er det lovpålagt innsamling av hushaldsavfall, jf. Forureiningslova §30. Alle eigedomar mv. som fell innanfor pkt. 2 er omfatta av denne avfallsordninga.

BIR VH kan etter søknad frita einskilde eigedomar frå ordninga, etter fylgjande reglar:

- Eigedomar/bustader som står tomme samanhengande i minst eitt år.
- Eigedomar/bustader som er til nedfalls. Eininga gjev ikke lenger rom for kvile og høve til matstell, og kan ikkje setjast i bebueleg stand.

BIR VH kan etter søknad redusere gebyret og omfanget av renovasjonen for einskilde eigedomar, etter fylgjande reglar:

- eigedomar som har meir enn 500 meter transport av avfallet fram til hentestad
- andre særskilde grunnar

Med søknaden skal det fylgje grunngjeving, gnr./bnr. for eigedomen og underskrifta til heimelshavar/festar.

Hytter og fritidseigedomar skal visast til oppsamlingsplass og miljøstasjon. For slike eigedomar gjeld ikkje avstandsgrense til veg/opsamlingsplass.

Utan samtykke frå BIR VH skal ingen andre samle inn hushaldsavfall. BIR VH kan fastsetje nærare retningsliner om kriteria for tildeling av samtykke og oppfølging (jf. Forureiningslova § 30).

§ 5. Avfall som ikkje er omfatta av kommunal innsamling

Næringsavfall er ikkje omfatta av lovpålagt kommunal avfallsordning (jf. Forureiningslova § 30). Slikt avfall skal leverast til godkjend mottak (jf. Forureiningslova § 32).

For næringsavfall som hensiktsmessig kan samlast inn saman med hushaldsavfall, kan BIR VH tilby innsamling saman med hushaldsavfallet.

For dei fleste avfallstypar som ikkje er omfatta av den kommunale avfallsordninga, tilbyr BIR VH mottak på sine gjenvinningsstasjonar/avfallsmottak.

Avfall frå ombygging og reparasjon av bustadhus er næringsavfall (jf. definisjon av hushaldsavfall, Forureiningslova § 27 a)

Avfall frå turisme vert ikkje omfatta av denne forskrifta. Oppsamling av avfall frå turistar må løysast av den verksemd, kommune eller vegstyresmakt som har ansvaret etter§ 35i Forureiningslova.

§ 6. Krav til sortering m.m. av avfallet

Abonnetar som er omfatta av lovpålagt kommunal avfallsordning, pliktar å sortere avfallet etter BIR VH sine retningsliner. BIR VH kunngjer gjeldande gjenvinningsordningar, og gjev råd om avfallsortering og avfallsminimering. BIR VH har rett til å føre kontroll med levert avfall.

Abonnetar kan inngå kontrakt med BIR VH om heimekompostering av våtorganisk avfall, jf. egne retningsliner. Eventuelle tilvisingar frå BIR VH skal følgjast, og det kan verte ført kontroll med at kontrakten vert etterlevd. Komposteringsavtalen kan være tidsavgrensa med krav til verifikasjon/fornyng. Komposteringsavtalen opphøyrer ved heimelsbyte.

Hageavfall bør, så langt det er mogeleg, kaldkomposterast i eigen hage, alternativt leverast til godkjend mottak for hageavfall. Ved fare for spreing av framande artar med svært høg økologisk risiko eller forbode artar (Jf. Vedlegg 1 i Forskrift om fremmede organismer), må slikt hageavfall leverast i separat innpakning til gjenvinningsstasjon/avfallsmottak. Dette for å forhindre vidare spreing.

Medisinar og emballasje som inneheld medisinrestar skal leverast tilbake til apotek. Batteri skal ikkje i restavfallet då det kan medføre brannfare. Batteri skal leverast til miljøstasjon eller til forhandlar som sel same type batteri.

§ 7. Oppsamlingseiningar

§ 7.1 Anskaffing og drift av oppsamlingseiningar

BIR VH skal syte for at abonnenten har tilgjengeleg oppsamlingseiningar som er tilpassa dei avfallstypene som det er henteordningar for.

BIR VH eig og leverer ut behaldarane, og BIR VH byter ut behaldarar som er defekte.

Behaldarane er registrert på den einskilde eigedom og fylgjer denne. Dei skal ikkje fjernast frå eigendomen ved eigarskifte.

Burettslag eller andre abonnentar som ynskjer å gå saman om felles oppsamlingseiningar, må ha samtykkje frå BIR VH.

Ingen må etablere avfallssugeanlegg eller djupoppsamling for hushaldsavfall utan kommunen/heradet si godkjenning. Kommunen og BIR VH skal delta i planlegginga av slike anlegg.

Slike anlegg skal kostast og etablerast av utbyggjar eller brukarar av anlegget. Vilkår for overtaking kan bli regulert i eigen avtale mellom brukar og BIR VH.

§ 7.2 Bruk av oppsamlingseininga

Abonnet/brukar er ansvarleg for at bruken og plasseringa av behaldarane er i samsvar med denne forskrifta. Behaldaren skal nyttast slik at avfallet er sikra mot rotter og skadedyr eller andre hygieniske ulemper. Ved misbruk/aktløyse som skadar behaldaren, skal abonnenten betale kostnaden med ny behaldar.

Oppsamlingseininga må berre nyttast til oppsamling av avfall som er i samsvar med BIR VH sine ordningar og denne forskrifta. Avfall som kan skade behaldar, renovatør eller renovasjonsutstyr skal ikkje leggjast i behaldaren.

Abonnet/brukar har etter behov høve til å levere fleire sekker plastemballasje ved kvar innsamling. Papp i mindre mengder i håndterbart kolli som ikkje får plass i aktuell behaldar, kan i opphaldsver flatpakkast og knytast saman/plasserast i annan kartong(ar) og setjast attmed behaldar, slik at det vert enkelt å laste for renovatør. Ved nedbør eller fare for nedbør, skal laus papp ikkje setjast ut. Ved mengder utover dette, skal papp leverast på miljøstasjon. I særskilde høve kan abonnent søkje BIR VH om større volum på behaldarar for glas- og metallemballasje og papir- og pappemballasje.

Ved framsetjing av avfall til henting er abonnenten ansvarleg for førebygging av forsøpling som fylgje av ver og vind.

Abonnet/brukar er ansvarleg for reinhald av behaldarane.

Abonnten er ansvarleg for særskild merking av behaldaren dersom BIR VH krev det. Abonnenten kan sjølv merke behaldaren med eigne klistrelappar i samråd med BIR VH. Ved innlevering av behaldaren til BIR VH skal den vera reingjort.

Behaldarane må ikkje overfyllast, og avfallet må ikkje pakkast så fast i behaldaren at den vert vanskeleg å tømme. Abonnet/brukar er ansvarleg for at avfallet ikkje er frose fast og dermed ikkje let seg tømme. Behaldar skal setjast fram med loket att.

BIR VH kan pålegge abonnenten å endre abonnementstype og volum på oppsamlingseininga(ne) dersom dette ser ut til å vere naudsynt for å sikre tilstrekkeleg sortering av avfallet, eller for å hindre at avfallet vert oppbevart eller disponert på ein uheldig måte.

§ 7.3 Plassering av oppsamlingseininga

Abonnten bestemmer sjølv kvar oppsamlingseiningane skal plasserast utanom tømmedagane. Plasseringa må ikkje vera i strid med denne forskrifta, plan- og bygningslov, granelov, veglov eller andre relevante lover eller forskrifter.

På tømmedagen skal abonnent/brukar plassere oppsamlingseiningane ved renovasjonsbilen si køyrerute på den hentestaden og til den tida som BIR VH bestemmer. Hentestaden skal ikkje liggje meir enn 5 meter frå køyreveg. Oppsamlingseining må setjast fram innan kl 06.30 på tømmedag.

BIR VH fastset stad for oppsamlingspunkt på renovasjonsruta. Desse skal leggjast slik at innsamlinga kan gå føre seg på ein rasjonell og trafikksikker måte med stor renovasjonsbil.

Hentestaden skal vera lett tilgjengeleg på eit plant og fast underlag. Det skal setjast av nok areal til oppsamlingseiningane og tilkomsten skal vere fri for hindringar som kan gjera hentinga vanskeleg.

Ved bruk av einmannsbetent innsamlingsutstyr/renovasjonsbil kan BIR VH gje eigne tilvisingar om korleis oppsamlingseiningane skal plasserast.

Abonnt/brukar skal halde det ryddig og reint omkring avfallsbeholdarane på hentestaden, og ved stort snøfall rydde for snø og om naudsynt sandstrø.

Abonnt/brukar syter sjølv for å transportere behaldarane tilbake frå hentestaden same dag som tømning har funne stad, grunna trafikksikkerheit, barn og leik, visuell forsøpling og sjenanse.

Ved innandørs oppsamlingssystem må eininga plasserast i eige avfallsrom på gateplan, og i samsvar med byggeforskriftene.

Dersom ein finn grunn til det, kan BIR VH låse oppsamlingseiningane. Abonntane må då få utdelt nøkkel til beteningsopningane for å støtte leveringsbehov. Ved burettslag/sameige med felles avfallsrom, kan desse romma låsast av i samråd med BIR VH.

§ 7.4. Bruk av oppsamlingseiningar for hytter og fritidsbustader

Ved utbygging av hytter og fritidsbustader skal utbygger/hytteegarlag/velforeningar og liknande i samråd med BIR VH, leggje til rette for høvelege oppsamlingspunkt tilpassa gjeldande kjeldesorteringsordningar. Nye løysingar må samsvare med renovasjonsteknisk norm.

Oppsamlingseiningar som er utplassert og merkt for hytter og fritidsbustader, skal berre nyttast av abonnentar/brukar til hytter og fritidsbustader.

Elles gjeld det som er bestemt i denne forskrift.

§ 8. Krav til køyreveg

Vegane skal vere dimensjonert for tunge køyretøy, og skal godkjennast av BIR VH. Køyrevegen skal anten ha snuplass eller vere gjennomgåande og renovasjonsbilane skal kunne køyre henterutene på ein lovleg og forsvarleg måte. Om vinteren må vegen og eventuell snuplass vere brøyt og om naudsynt strødd, og vegen skal vera sikra med rekkverk der det er behov.

Vegen skal heile året vere tilfredsstillande vedlikehalde. Dersom tilkomsten vert hindra av parkerte bilar, manglande vedlikehald, buskar og tre og/eller manglande snøbrøyting eller liknande, er abonnenten pliktig til å bringe avfallet til næraste hentestad tilvist av BIR VH, eller ta vare på avfallet på ein forsvarleg måte til neste henting.

§ 9. Innsamling av hushaldsavfall

Den som samlar inn avfall er berre pliktig til å ta med avfall som er lagt i oppsamlingseininga, med unntak jf. § 7.2 vedrørande pappemballasje. Avfallet skal hentast regelmessig etter ein hentefrekvens som vert bestemt av BIR VH. I særlege høve, t.d. ved høgtider, kan BIR VH fastsetja andre hentetider.

Renovatøren kan gjennomføre stikkprøvar av innhaldet i behaldarane. Behaldarar som inneheld avfall som er i strid med denne forskrift vert ikkje tømd. Dette skal registrerast som avvik med skriftleg melding til abonnent om kvifor tømning eventuelt ikkje er utført.

I særskilde område eller høve kan BIR VH bestemme ein annan hentefrekvens, eller at innsamlinga berre skal gjennomførast visse delar av året.

Innsamlinga skal utførast slik at ikkje nokon unødig vert sjenerte av støv, lukt eller støy. Oppsamlingseininga skal etterlatast i lukka stand så langt det let seg gjera. BIR VH plikter å rydde opp avfall/søl forårsaka av renovatør.

For at ny rute for innsamling av hushaldsavfall skal kunne opprettast/forlengast, må det vere fleire abonnentar langs ruta. Avstanden mellom dagens hentestad og ynskt hentestad må vera større enn 150 m. Søknad om oppretting/forlenging av rute skal vurderast og godkjennast av BIR VH.

Det vert kontinuerleg arbeid med å fremje utvikling av meir effektive og praktiske ordningar. I særskilde høve kan anna enn standard behaldarar og system nyttast.

§ 10. BIR VH sine plikter

BIR VH plikter å handheve og etterleve denne forskrift.

BIR VH plikter å informere abonnentane om renovasjonsordningane.

BIR VH plikter å halde seg fagleg oppdatert og formidle avfallsfagleg utvikling.

§ 11. Abonnten sine plikter

Deler av abonnten sine plikter kan i samråd med BIR VH, overførast til eigarlag, burettslag o.l. som har felles oppsamlingseiningar.

Ved endring av abonnementstilhøve, ved flytting o.l. er abonnten ansvarleg for å gje skriftleg melding til BIR VH. Ved manglande melding er den registrerte abonnten ansvarleg for alle kostnader i medhald av renovasjonsforskriftene.

Eigar eller festar av eigedom der det oppstår hushaldsavfall plikter straks å melde frå til BIR VH dersom vedkommande ikkje står i abonnementsregisteret og betalar gebyr.

Brukar av renovasjonsordninga har same plikter som abonnent, med unntak av det økonomiske tilhøvet til BIR VH.

§ 12. Avfallsgebyr

§ 12.1 Kven skal betale gebyr

Alle eigedomar i kommunen/heradet der det er oppført hus som kan nyttast slik at hushaldsavfall vert produsert, jf.§2, skal vera med i renovasjonsordninga. Dette med heimel i Forureiningslova §34.

Heimelshavar av eigedomen skal betale eit årleg gebyr. Det skal betalast gebyr for kvar brukseining, jf. § 2 i denne forskrift.

Ved registrering av ny abonnent, eller ved endring av eksisterande abonnement, vert nytt gebyr rekna frå den fyrste i månaden etter at endringane er meldt til BIR VH. Tilsvarande vert gebyret rekna fram til den siste dagen i månaden der gebyrplikta vert avslutta.

Dersom bruken av eigedomen endrar seg, pliktar heimelshavar straks å varsle BIR VH.

Ekstra gebyr kan krevjast for ulike tilleggstenester i samsvar med gjeldande prisliste for levering av avfall på miljøstasjon/avfallsmottak.

§ 12.2 Utrekning og fastsetjing av gebyret

I samsvar med Forureiningslova § 34 skal kommunen, etter tilråding frå BIR VH, fastsetje avfallsgebyr som fullt ut dekkjer alle kostnader med avfallshandsaming, herunder innsamling, transport, mottak, sortering, oppbevaring, behandling, etterkontroll mv., samt avsetjing til etterdrift av deponi. Kommunen vedtek betalingsregulativ for gebyr og fastset gebyr (Jf.

«Betalingsregulativ for gebyr etter Forureiningslova § 34»).

For å fremje avfallsreduksjon, kjeldesortering og gjenvinning kan det innførast differensierte gebyrsatsar. For hushald skal differensieringa skje på grunnlag av avfallsmengde, avfallstype og heimekompostering. Auka materialgjenvinning og kostnadssparande innsamlingssystem mv. kan medverke positivt til differensiering av gebyr. Hytter og fritidsbustader differensierast etter kriteria

jf. § 5.3 i «Betalingsregulativ for gebyr etter forureiningslova §34».

§ 12.3 Innkreving, renter m.m.

Avfallsgebyr med renter og kostnader er sikra med lovbestemt pant etter pantelova§ 6-1. Om renteplikt ved for sein betaling og inndrivning av avfallsgebyr gjeld reglane i lov om eigedomsskatt til kommunane §§ 26 og 27 tilsvarande og lov om renter ved for sein betaling.

Etter at eigar/heimelshavar har fått den naudsynte varslinga, er han sjølv ansvarleg ved for sein betaling eller anna misleghald.

Gebyret kan krevjast inn over fleire terminar.

Kommunen/heradet kan overlata til BIR VH å krevja inn gebyret, jf.§ 10 i selskapsavtalen.

§ 13. Delegasjon

Den myndigheit som i denne forskrift er lagt til BIR VH, er gjeve med heimel i Forureiningslova § 83.

§ 14. Klage

Vedtak og pålegg om innsamling av hushaldsavfall m.m. som kan påklagast i medhald av Forureiningslova, Kommunelova eller Forvaltningslova, skal rettast til BIR VH. Dersom klagen ikkje vert omgjord til gunst for klagaren, vil klagen verta send til klageinstansen i kommunen.

§ 15. Sanksjonar og straff

Innaføre ramma av lovverket og renovasjonsforskriftene, kan BIR VH påleggje abonnentane andre ordningar enn dei som fyrst var godkjende, dersom det viser seg at avfallshandsaminga ikkje vert forsvarleg.

For å unngå eventuelle helsemessige utfordringar eller akutt lokal forureining kan BIR VH, på abonnenten si rekning, syte for separat opprydding, innkøyring og sortering av avfall som ikkje er tømt, jf. pkt. 9.

Tilsvarande tiltak kan og nyttast når avfallsbeholdarar er overfylte, for tunge, feilaktig plassert, har avfall plassert på utsida, med unntak jf. 7.2 vedrørande pappemballasje, eller på andre måtar er i strid med reglane i denne forskrift.

Brot på denne forskrift utover dette kan verte straffa med bøter etter Forureiningslova § 79.

